

SØTOST TIL JUL

Åse Eikemo Strømme

Slik fortel mor mi, Signy Eikemo f. Høvik 1907, om korleis ho, og mor hennar tidlegare laga søtost til jul.

Ho hadde ikkje noko fast litermål på mjølka som skulle til. Det vart «tekje på ein tåkk» kor mykje som skulle slåast i kjelen for å få ein passeleg stor ost. Det var sur og søt mjølk som vart nytta. Før dei fekk seperator nytta dei den sure kollemjølka, etter at fløyten eller rjomen var teken av. Etter at separatoren kom, var det sur skummamjølkk som vart nytta.

Surmjølka, (om lag 5 - 6 liter) vert «heta opp» (ikkje koking!) slik at mjølka skil seg i «kåst» og møsa. Sil "kåsten" i frå møsa. Møsa kan ein seinare koka inn til surebrim.

Den fråsilte kåsten skal så kokast opp i søt mjølk. Han vert då blank og seig. Slå alt opp i eit klede som er lagt i søtostkolla. Ho er slik laga at møsa renn av gjennom kanskje ein kross som er laga i botnen og små silhol både i botnen og på sidene. «Kåsten» eller osten som no har laga seg, jamner og knepper ein fast til oppe i kolla. Osten vert då fast og fin i dette klede, eller silduken. Når møsa er silt i frå og osten har fastna, er den ferdig til bruk.

Av møsa som no kjem frå osten vart det laga søtebrim. Kok inn møsa til ho byrjar tjukna og vert ljosebrun. Rør jamt heille tida til brimen er kald. Ha den i ei skål. Det vert ikkje så mykje av den. Søtebrimen vart brukt til klingasmørja, i staden for osten som no vert brukt.

Korleis vart så søtosten brukt?

Den vart skoren opp i passelege sneier og påsmurt godt smør og sirup. Mor fortel at heime hjå dei kom mor deira rundt med mat på sengene juledagsmorgonen På kvar sitt fat låg det då ei snei med søtost, klingabetar og «Jolageit», som var ein kjøpebolle med rosiner i. Til drikka fekk dei kaffi. Same skikken tok mor mi med til vår heim. Me fekk søtost med sirup på, kling og brødmat med sylteflesk til pålegg. Til drikka var det stundom kakao eller kaffi. Alle låg og venta på at ho mor skulle koma med maten. Ho hadde vore tidleg oppe og teke fjøs- og mjølkestellet. Dette var kona i huset sitt arbeid. Han far hadde ansvaret for foringa av sauene og hesten.

Juledagsmorgon og søtost er elt av mine gode minne frå jula heime.